

## **Møte VGU 31.01.24**

Til stade er:

Leiar: Gunn Vikingstad

Nestleiar: Gunnar Birkeland

Kasserar: Jon Magne Svendsbøe

Styremedlem: Espen Årvik

Sekretær: Mona Aksdal

### **1. Årsmøte**

Setter datoen til 7. mars, eventuelt 14. mars kl. 20 på bygdahuset, i litlesalen. Gunn sjekker kva som er ledig. Gunn skriver og sender ut årsmelding. Jon Magne lager Power Point.

Høyre om Rune Hetland vil lede møtet.

Referent: Mona, evt Gunn i reserve.

Legge fram forslag til handlingsplan, noværande er frå 2020-2024.

Folk kan melde inn saker til årsmøtet og handlingsplan.

### **2. Valg**

Det er fleire VGU-medlemmer på valg i år:

Styrar: Gunn Vikingstad

Nestleiar: Gunnar Birkeland

Kasserar: Jon Magne Svendsbøe

Vara: Marthe Gangstø

Valkomite: Else Karrin Vestbø og Geir Tveit

Revisor: Kjell Atle Barane

Valkomiteen tar ein runde med dei som er til val og finner ut kven som vil fortsette og ikkje.

### **3. Flyktningar**

Gunnar jobbar framleis for å få til samarbeid med kommunen om at flyktningar kan busetje seg i bygda. Ein problemstilling kan være mulighet for transport inn og ut av bygda.

Kommunen eig ein firmannsbolig midt i sentrum, 3 av leilighetane her står tomme. Desse kan være aktuelle boligar dersom dei blir oppgraderte. Her er det kort veg til barnehage/skule, butikk og busstopp.

#### **4. Buss**

Gunn ønsker å sjekke opp i forhold til buss. Virker som det går mykje unødvendig busstrafikk om morgonen ift skuleskyss. Fylkeskommunen som har ansvaret her, men det kan virke som om dei ikkje har heilt oversikt. Mulig potensial for å samordne rutene betre, og dermed spare pengar på transport.

Kanskje kan ein bruke sparte ressursar busstransport til eventuelle flyktningar som må på undervisning i Ølen, eldre og andre som treng forbindelse til Skjold.

#### **5. Instagram**

Vikebygd har fått sin egen Instagram-konto. Håper dette kan bidra til at fleire kan oppdage Vikebygd og alt me har å by på her.

#### **6. Gode VIB`ar**

Endrer struktur fra tre arbeidsgrupper til ei. Første møte er på mandag. Avklare kven av dei som har vore med fra før, som vil være med vidare.

#### **7. Badstu i Vikebygd**

Vikingstad AS vil realisera badstu i Vikebygd. Det er konferert med Båttforeningen som stiller seg positiv til prosjektet. Arne Tveit, som har tegna stupetårnet, har tegna skisse til badstu med plass til 8-10 personar.

Butikken har sagt ja til å være driftsansvarlige for badstua.

Enighet om at det må være mulighet for strøm i badstua.

Saka tas vidare til kommunen, og det blir spennande å sjå prosessen vidare.

Ønskelig at dette også skal trekke turisme/besøkande. Kva anna kan me tilby? Pakke med middag og overnatting etter badstu. Lokale matvarer. Tur i vikefjella, avslutta med badstu og middag på for eksempel Gamlatunet. Kan være aktuelt for par og vennegrupper å bestille pakke på ein slik opplevelse.

#### **8. Parkslirekne**

Høyre med kommunen om dei kan bidra med problemet, parkslirekne sprer seg i på ulike områder i bygda.

Info om Parkslirekne:

Parkslirekne er ein fremmedart og utgjør høg økologisk risiko som invaderende art.

Spre seg vegetativt via biter av greiner og jordstengler. Jordstengler kan vokse ned til 3 meters dyp og 7 meter bort fra morplanten. Bekjempelse er derfor krevende. Viktigste spredningsårsakane er

flytting av masser, hageavfall og kantslått. Jordstengelbiter på størrelse med ei fingernegl kan gi opphav til nye plantar.

Bekjempelse er dyrt og krevande, og hindre av spredning er ein viktig del av tiltak.

Bekjempelsesmetoder er nedkapping, oppgraving, dekking eller sprøyting. Planteavfall må samlas opp i søppelsekker og leveres til forbrenning. Ved store forekomster er nedkapping mest ideelt, og må utføres kvar fjerde uke fra mai-september, og gjennom fleire år. Kombineres med sprøyting.

Referent: Mona Aksdal